



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 09.03.2020
Møtestad: Alver rådhus, formannskapssalen
Møtetid: 12.00 - 15.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Konrad Risnes	SAFO	Settemedlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvallsleiar
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Berit Kvalvik	FFO	Jannicke Helland

Følgjande frå administrasjonen møte:

Helen Gjerde-rådgjevar Næring og utvikling, Hogne Haugsdal-kommunasjef Samfunnsutvikling,
Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
010/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/20	Godkjenning av møteprotokoll

- 012/20 Val av nestleiar - råd for menneske med nedsett funksjonsevne
013/20 Val av medlem til "Trivselskomiteen" i Meland helselag
014/20 Meldingar og orienteringar
015/20 Eventuelt

010/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 010/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

011/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Rådet ønsker å få tilsendt presentasjonane frå orienteringssakene i etterkant av møta.

Elles ingen merknader.

Møteprotkollen frå møte - 03.02.2020 vert godkjent, samrøystes.

RMNF- 011/20 Vedtak:

Møteprotkollen frå møte - 03.02.2020 er godkjent.

012/20: Val av nestleiar - råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nestleiar i RMNF 20.02.2020 – 31.12.2020:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Konrad Risnes-SAFO er nytt medlem i rådet, og erstatter Tore Eugen Hansen fram til 31.12.2020
Reidar Knudsen-SAFO vart samrøystes valt til nestleiar i RMNF i same periode.

RMNF- 012/20 Vedtak:

Nestleiar i RMNF 20.02.2020 –
31.12.2020:

Reidar Knudsen-SAFO

013/20: Val av medlem til "Trivselskomiteen" i Meland helselag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vel følgjande representantar til «Trivselskomiteen» v/Meland helselag for perioden 2020-2023:

Medlem v/Eldreråd:

Medlem v/Eldreråd:

Medlem v/RMNF:

Medlem v/RMNF:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Fellesframlegg: Anne Marie Skurtveit og Reidun Grønhaug med Tore Eugen Hansen som varamedlem, vert representantar frå RMNF til Trivselskomiteen i Meland helselag.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 013/20 Vedtak:

Anne Marie Skurtveit og Reidun Grønhaug med Tore Eugen Hansen som varamedlem, vert representantar frå RMNF til Trivselskomiteen i Meland helselag.

014/20: Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Orienteringar 1-3 vert lagt fram i felles fora med RMNF og Eldrerådet:

1. Medverknad i kommuneplanen sin samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling - sjå vedlegg.
2. Orientering om prosess kommundelplan for helse, sosial og omsorg v/Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg
3. Mandat «Retningslinje feriereiser for personer med hjelpebehov»- val av repr. til referansegruppe v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg
Bente Orlen Westervik-FFO og Svein Arne Vabø-SAFO vart samrøystes valt til referansegruppa frå RMNF. Det vert møter 24. mars og 12.mai kl. 13.00-15.00 på Alver kommunehus, kantina.
4. Trafikksikringsplanen i Knarvik v/Helen Gjærde-rådgjevar Næring og utvikling
5. Orientering/status om Frisklivsentralen; Frisklivs-, lærings- og meistringstilbod v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

RMNF- 014/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

015/20: Eventuelt

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Framlegg frå Svein Arne Vabø-SAFO:

Kan vi invitere inn Kyrkjeleg fellesråd – v/John Fredrik Wallace (evt. ein annan frå administrasjonen) til å gje ei orientering om tilgjenge til kyrkjene og andre bygg med tilknytning til kyrkjeleg verksemd i Alver? Eit par konkrete døme frå Alversund kyrkje og området utanfor vart nemnde.

Vabø ønskjer vidare å få gje ei orientering om brukar-/borgarstyrt personleg assistanse (bpa).

Det er òg ønskeleg med ei orientering om kommunen sitt samarbeid med Nav hjelpemiddelsentralen, m.a. knytt til personar som har brukarpass.

RMNF- 015/20 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.



Kommuneplanen

Informasjon om felles medverknad



ALVER
KOMMUNE

I have a dream

- I have a dream!

- I have a plan!



Kva er medverknad?

- Medverknad = demokrati
- Formell medverknad (gjennom lovverket)
- Anna medverknad (politisk påverknad, lobbyarbeid, kampanjar, møter etc)



Medverknad i lovverket

Plan- og bygningslova (§ 1-1):

- Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.
- Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.
- Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.
- Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene



Medverknad i planlegginga

§ 5-1. Medvirkning

- Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.
- Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte

§ 5-2. Høring og offentlig ettersyn

- Når loven her bestemmer at et planforslag skal sendes på høring, skal forslaget sendes til alle statlige, regionale og kommunale myndigheter og andre offentlige organer, private organisasjoner og institusjoner, som blir berørt av forslaget, til uttalelse innen en fastsatt frist.






Medverknadsprosjekt

Kommuneplanen sin samfunnsdel



Typer av medverknad



Kommuneplan sin samfunnsdel

- Samfunnsdelen er masterplanen for utvikling av Alver kommune
- Medverknad og innbyggjarinvolvering er avgjerande
- Identitetsbygging
- Overordna mål samfunnsutviklinga
- Utgangspunkt for alle andre planar
- Arealstrategier som gjev retning til arealdelen
- Planprogram på høyring i mars 2020
- Medverknadsprosjekt mars – mai 2020
- Planlagt vedtak 2021



Sentrale tema og kategorier i planprogrammet

- Folkehelse og berekraftsmåla
- Befolkningsutvikling
- Samordna areal- og transportplanlegging
- Grøn omstilling
- Fellesskap og attraktive nærmiljø
- Alver sin posisjon og rolle i regionen
- Næringsutvikling
- Pendling og mobilitet
- Levekår og folkehelse
- Oppvekst og utdanning
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Samfunnstryggleik og beredskap



Dette jaktar vi på...

Den nye Alver-identiteten!

- Kven er vi?
- Kor skal vi?
- Korleis kjem vi oss dit?

Vi jaktar også svar på spørsmål om folkehelse, berekraft og tema i planprogrammet.




ALVER
KOMMUNE

Kva er viktig for folk i Alver?

Korleis skapar vi engasjement?

Kva kan vi som samfunn påverke saman?



Viktig!
God og tydeleg kommunikasjon i alt vi seier, skriv og gjer!



ALVER
KOMMUNE

Mål med medverknad og involvering


At flest mogleg skal delta, ja... - men kva er egentleg målet?

- Byggje ein ny, felles **identitet**
- Dele kunnskap om prosessen på ein måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra (**medverknad**)
- Byggje **nettverk** på tvers av generasjonar, aktørar og «gamle kommunegrensar»
- Skape **tilhøyrse** og **eigarskap** til samfunnsutviklinga i eige nærmiljø



Korleis når vi desse måla?

- Vi skal bruke eit **klart språk** i all skriftleg og munnleg kommunikasjon.
- Vi skal invitere oss sjølv til etablerte **møteplassar**.
- Vi vil **oppfordre lokalmiljøa** og aktørar til å invitere inn på sine arenaer.
- Vi skal bruke **sosiale medium og digitale verkemiddel** aktivt.
- Vi skal bruke **visuelle verkemiddel** som set i gang diskusjonar og profilerer prosessen.



Kven skal vi snakke med?





ALVER
KOMMUNE

Målgruppene våre

Vi vil hente innspel frå...

Eksterne målgrupper:

- frivillige lag og organisasjonar
- alle som bur i kommunen, særleg:
 - barn og unge
 - eldre
- Næringsliv

Interne målgrupper

- leiarar og tilsette i Alver kommune
- politiske råd og utval
 - Ungdomsrådet til Alver kommune får ei sentral rolle



Vi lagar ein detaljert plan for felles medverknad. Periode: Mars – juni



Vi ønsker innspel frå folk og aktørar i heile kommunen



ALVER
KOMMUNE

Eksempel på tiltak vi ser for oss

- **Informasjonsbank på nettsida til kommunen** (Kva skjer? Slik kan du påverke!)
- **Digital spørjeundersøking**
- Invitere til temakveldar - vere på etablerte møteplassar
- **Lokalsamfunnsturné i heile kommunen**
- Aktiv bruk av sosiale medier – fotokonkurransse, filmsnuttar, forteljingar
- Intervju og verkstad med særskilte grupper
- Eige opplegg for barn og unge
- Eige opplegg for leiarar og tilsette i kommunen



